



Meland kommune

Kompetanseplan kommunal beredskap

Behovet for ein kompetanseplan innan beredskapsfeltet er nedfelt i Meland kommune sin kompetanseplan for 2018-2019, strategisk del, punkt 7:

«Kommunen har gjennom tilsyn frå fylkesmannen (januar 2017) fått avvik på at kommunen manglar eit system for læring og kompetansebygging innan samfunnstryggleik og beredskap. Det må difor etablerast eit slikt heilskapleg system, der det m.a. vert utarbeidd ei kompetansematrise der roller og ansvar, med tilhøyrande kompetansekrav og faktisk kompetanse vert kartlagd. Denne kan danne grunnlaget for ein opplæringsplan. Det kan vere aktuelt med samarbeid med dei to andre kommunane i kommunestrukturprosjektet.»

Strategisk del vart vedteken i administrasjonsutvalet 30.08.17.

1. Innleiing:

Beredskapsarbeidet i Meland kommune byggjer på følgjande prinsipp for organisering:

- **ANSVARSPRINSIPPET**

Det tenesteområdet som til dagleg har ansvaret for eit område, har også ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og for den utøvande tenesta ved kriser og katastrofar.

- **LIKSKAPSPRINSIPPET**

Den organisasjonen kommunen opererer med under kriser skal vere mest mogleg lik den organisasjonen ein har til dagleg. Likskapsprinsippet er ei utdjuping av ansvarsprinsippet, nemleg ei understreking av at ansvarstilhøva internt i organisasjonen og mellom MK og andre aktørar ikkje skal endrast i samband med krisehandtering.

- **NÆRLEIKSPRINSIPPET**

Nærleiksprinsippet må sjåast i samanheng med ansvarsprinsippet. Ein krise innan for kommunen sitt ansvarsområde er det i utgangspunktet kommunen sitt ansvar å handtere. (Nærleiksprinsippet gjeld ikkje ved tryggleikspolitiske kriser)

- **SAMVIRKEPRINSIPPET**

Samvirkeprinsippet stiller krav til at kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksender i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

Leiar i KKL skal t.d. sjå til at all varsling vert utført i samsvar med kap. 5.1. i Beredskapsperm for Meland kommune. Han skal leie møte i KKL og handtere krisearbeidet på eit overordna nivå. Han skal vidare tenke og handle proaktivt, dvs. tidleg å kunne sjå korleis situasjonen i verste fall kan utvikle seg og iverksetje tiltak deretter. Han må syte for kontinuitetsleiing og setje i verk erstatningstiltak. Når krisen er over, skal det setjast i verk normaliseringstiltak.

Rådmannen delegerer oppgåver innan områda personell, etterretning, operasjon og logistikk til medlemmer i KKL etter behov. Det vert vurdert å tildele faste roller i KKL med utgangspunkt i dei nemnde oppgåvene.

2. Kompetansebehov og kartlegging

KOMPETANSEBEHOV

Kompetanseutviklingsplanen må ta utgangspunkt i dei oppgåvene som er lagt til KKL og ha som mål å gjere medlemmene i stand til å utføre dei oppgåvene som skal løysast der.

Det pågår p.t. eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Lindås, Meland og Radøy, med det føremålet å utvikle eit beredskapsplanverk for Alver kommune. Dette arbeidet må vere ferdigstilt sommaren 2019, med tid til implementer Ing hausten 2019. Kompetansekartlegging og ulike kompetansetiltak for beredskapsorganisasjonen i Alver kommune vil difor bli eit svært viktig arbeid framover, med omfattande tids- og ressursinnsats frå alle dei 3 kommunane. Med bakgrunn i den korte tidshorizonten og det omfattande arbeidet med å utarbeide beredskapsplanverket for Alver kommune, vil omfang og tiltak i kompetanseutviklingsplanen for Meland kommune isolert sett bli noko avgrensa.

GJENNOMFØRT KARTLEGGING

Kommunen har i denne runden først og fremst kartlagt kompetansen til medlemmene i KKL. Dette vart gjort som ei eigenvurdering av nivå på ulike kompetanseområde som er nødvendige for at KKL skal kunne utføre oppgåvene sine.

Det var 4 tema med i undersøkinga:

1. Kunnskap om aktuelt lovverk (t.d. sivilbeskyttelseslova, forskrift om kommunal beredskapsplikt, beredskap som tema i fagområde den enkelte har ansvar for)
2. Kunnskap om Meland kommune sitt beredskapsplanverk.
3. Erfaring og trening i kriseleiing/krisehandtering
4. Medietrening

Det er grunn til å presisere at ikkje alle områda i eigenvurderinga er like relevante for alle medlemmene. Medietrening vil t.d. vere mest aktuelt for ordførar, varaordførar og rådmann. Kriseleiing som oppgåve er heller ikkje like relevant for alle medlemmene i KKL.

Kartleggings skjema vart sendt til:

Ordførar og varaordførar
Rådmann
Personal- og organisasjonssjef
Sektorsjef plan, utbygging og kommunalteknikk
Brannsjef og varabrannsjef
Kommuneoverlege og ass. kommuneoverlege
Rådgjevar for pleie og omsorg
Rådgjevar for skule
Informasjonsansvarleg
Leiar for støttefunksjon sekretariat

Det vart nytta følgjande skala i eigenvurderinga:

Nivå 1: Svært lågt nivå
Nivå 2: Nokså godt nivå
Nivå 3: Middels nivå
Nivå 4: Godt nivå
Nivå 5: Svært godt nivå

Svara fordelte seg slik:

Tema		Eigenvurdering av nivå				
		1	2	3	4	5
1	Kunnskap om aktuelt lovverk		4	2	4	1
2	Kunnskap om Meland kommune sitt beredskapsplanverk		1	1	2	6
3	Erfaring og trening i kriseleiing/krisehandtering	1	1	2	5	2
4	Medietrening	1	4	1	2	2

Ovannemnde tabell syner eit generelt godt kompetansenivå for medlemmene i KKL. Det kan likevel vere behov for tiltak innan områda 1) Kunnskap om aktuelt lovverk og 2) Trening i kriseleiing, jf. vedlagte tiltaksplan. Medietrening har eit varierende score i kartlegginga, men området er godt dekkja inn for dei medlemmene i KKL som skal takle denne oppgåva.

Andre relevante kompetansetema

Det er ingen i dagens KKL som har opplæring i bruken av DSB-CIM. Slik opplæring vil komme inn som ein del av det pågåande og konkrete arbeidet med å utvikle eit felles beredskapsplanverk for nye Alver kommune.

Kompetanseutvikling - tiltaksplan 2018-2019

Målgruppe: Kommunal kriseleing (KKL)

MÅL:	<p>Utgangspunktet er overordna målsetjing for beredskapsarbeidet i Meland kommune:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eit trygt lokalsamfunn og ein sikker kvardag for den enkelte innbyggjar • Eit kommunalt tenestetilbod som også fungerer ved uventa hendingar. <p>Kompetanseplanen skal sikre at KKL er i stand til å meistre ulike krisesituasjonar som måtte oppstå.</p>
-------------	---

Pri.	Tiltak	Målgruppe	Intern/ekstern kursing	Omfang/tidsbruk	Ansvarleg for gjennomføring	Kostnader
1.	Innføring i aktuelt lovverk	KKL m/varamedlemmer	Intern kursing (kurshaldar frå nabokommune)	2 timar	Personal- og organisasjonssjef	Ingen
2.	Trening i kriseleing	KKL (ev. varamedl.)	Lokalt internt skrivebordsøving.	3 timar	Rådmann	Ingen
3.	Opplæring i DSB-CIM	KKL (deler, m.a. loggførar, sekretariatsleiar, beredskapskontakt)	Intern kursing (kurshaldar frå nabokommune)	Ikkje avklart	Personal- og organisasjonssjef	Ingen

Kompetanseutvikling - tiltaksplan 2018-2019

Meland kommune
Kompetanseutvikling - Tiltaksplan